



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 10.12.2020
Møtestad: Austrheim samfunnshus
Møtetid: 11:00 - 19:00
Budsjettvedtak

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Morten Sognnes	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem
Lise Renate Helle	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Marita Terese Bru	BIA
Rikke Heldal Hope	H

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Jan Nordø	BIA	Varamedlem
Hege Ramsland	H	Varamedlem

Desse møtte frå administrasjonen:

Asbjørn Nagell Toft, Ketil Tjore, Liv Løvvik, Monika Kvamme, Odd Harald Dommersnes, Rolf-Henning Myrmel, Thomas Lindås

Austrheim 17. desember 2020

Per Lerøy
ordførar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
111/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
112/20	Godkjenning av møteprotokoll
113/20	Godkjenning av møteprotokoll
114/20	Meldingar
115/20	Orienteringssak
116/20	Godkjenning av planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen med utviding av bustadområde B09, planid. 2018001
117/20	Medfinansiering av drift av vassområda frå 2021-2027- Førespurnad frå Vestland fylkeskommune
118/20	Lokal forskrift med gebyrsatsar for teknisk forvaltningsteneste 2021 - Godkjenning
119/20	Betaling for dagsenterplass på Nordliheimen 2021
120/20	Betaling for følgjeteneste for ikkje lovpålagde tenester 2021
121/20	Betaling for heimetenester 2021
122/20	Betaling for middag og lunsj 2021
123/20	Betaling for tryggleiksalarm 2021
124/20	Gebyr alkohol- og tobakkssaker 2021
125/20	Gebyr- og betalingssatsar oppvekst og kultur for 2021
126/20	Gebyr slam 2021
127/20	Avløpsavgift 2021
128/20	Vassavgift 2021
129/20	Feieavgift 2021
130/20	Renovasjonsavgift 2021
131/20	Nordhordland Revisjon IKS - oppdatering av selskapsavtale
132/20	Møteplan for 2021
133/20	Revisjon av selskapsavtale Region Nordhordland Helsehus IKS
134/20	Vedtak - Overordna Beredskapsplan
135/20	Rullering av handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2021
136/20	Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 - sak frå kontrollutvalet
137/20	Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 - sak frå kontrollutvalet
138/20	Planutvalet, vurdering av utviding
139/20	Tilskot til arbeidet med busslomme og fortau i Toftegårdskrysset
140/20	Tertialrapport III 2020

- 141/20 Budsjettframlegg 2021
- 142/20 Budsjettjustering 3. tertial 2020

111/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 111/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

112/20: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 112/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Møteprotokoll er godkjent

113/20: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

24.11.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:
Godkjenning av møteprotokollane vert utsett til neste møte.

KS - 109/20 - 24.11.2020 - Vedtak:

Godkjenning av møteprotokollane vert utsett til neste møte.

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 113/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Møteprotokoll er godkjent

114/20: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 114/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

115/20: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Det var ingen orienteringar i dette møtet.

KS - 115/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Det var ingen orienteringar i dette møtet.

116/20: Godkjenning av planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen med utviding av bustadområde B09, planid. 2018001

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune godkjenner planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen med utviding av bustadområde B09, planid. 2018001. Reguleringsføresegner er datert den 23.11.2020. ROS-analyse er datert den 31. oktober 2020. Plankart er datert den 25. november 2020. Planomtale og GH-karta til revidert *VA-rammeplan* er datert den 03.11.20. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.

Før godkjenning av vegframføring til bustadområde B09 skal kommunen i samsvar med naturmangfaldslova kartleggja aurebestanden i vassdraget som vert påverka av alternativ 2. For dette temaet er kunnskapsgrunnlaget slik kommunestyret ser det, ikkje i samsvar med lovkravet. Om kartlegginga syner større negative konsekvensar for bestanden og det potensialet elva har for bestandsoppbygging, skal alternativ 1 veljast.

03.12.2020 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka:

Har vore eit grundig arbeid over lang tid. Har ikkje kunna gjennomføre folkemøte i år, men det har vore tidlegare i saka, og har elles hatt god dialog rundt planen.

Formannskapet som styringsgruppe har gitt innspel og rådmannen har teke dette med i planarbeidet. Dette er ei endring på ein eldre plan, då den var laga var byggegrense mot fylkesveg 10 meter, men denne grensa har allereie i mange år vore 30 meter, og det er det ein har måtte forhalda seg til. No har ein likevel lagt byggegrensa utanom husa som ligg mot vegen. Det blir utbygging i "toppen" av feltet og fortetting elles, kan bli 30 nye bueningar. Det har vore sterke føringar frå Fylkesmannen når det gjeld elva, og vegtilkomsten må sikrast i høve til ekstremver. Behov i området skal vere dekkja for dei neste 10 åra med denne planen.

Per Lerøy (Ap) sa at det er ikkje alltid enkelt å forstå krava til Statens Vegvesen. Formannskapet

meiner at ein kan innsnevra passasje forbi Kuneset og ha møteplassar på kvar side, men slikt tar ikkje Statens Vegvesen hensyn til. Handboka N100 burde ein sjå på som ein rettleiar og ikkje ein kravspesifikasjon med absolutte krav, spesielt når det gjeld utbetring av vegar. Dette er eit rett strekk og ein kan etablere møteplassar.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han er samd i problemstillinga frå ordførar, men tenkjer at om ein regulerer slik vegvesenet krev, så er det vel ikkje så stor sjans for at det blir endringar på vegen på lenge enda.

Per Lerøy (Ap) sa at vi skal nok sjå langt etter så store investeringar på vegnettet i Austrheim, men det legg band på husa som ligg der.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft sa at restriksjonane ligg der allereie før vi lager planen. Det har vore 30 meter byggegrense mot fylkesvegen og dei har måtta søkje dispensasjon for å gjere noko. Med denne reguleringsplan har vi gjort det slik at alle unntatt eit hus, ikkje treng søke om dispensasjon. Dei får ein større rett no enn tidlegare.

Per Lerøy (Ap) sa at det er positivt at vi kan legge til rette for utbygging i Heiane.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

FS - 160/20 - 03.12.2020 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen med utviding av bustadområde B09, planid. 2018001. Reguleringsføresegner er datert den 23.11.2020. ROS-analyse er datert den 31. oktober 2020. Plankart er datert den 25. november 2020. Planomtale og GH-karta til revidert *VA-rammeplan* er datert den 03.11.20. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Godkjenning av planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen foreslått av: Jan Nordø

Før godkjenning av vegframføring til bustadområde B09 skal kommunen i samsvar med naturmangfaldslova kartleggja aurebestanden i vassdraget som vert påverka av alternativ 2. For dette temaet er kunnskapsgrunnlaget slik kommunestyret ser det, ikkje i samsvar med lovkravet. Om kartlegginga syner større negative konsekvensar for bestanden og det potensialet elva har for bestandsoppbygging, skal alternativ 1 veljast.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka. Det er med denne planen mogleg å bygga ut med kring tretti bustader i feltet, over ein tiårsperiode eller tilsvarande. Etter innspel frå formannskapet er vegløyvinga no flytta til austsida av feltet, og denne vegløyvinga gjer at tomtane kan verta dyrare. Elles tek ein no i bruk eit areal i feltet som tomt til hus, og brukar heller desse midlane til å oppgradera eksisterande leikeplass/fotballbane til betre kvalitet.

Jan Nordø, Bygdelista, sa at han utgangspunktet hadde tenkt å gå for alternativet som er rimelegare, med veg inne i det eksisterande feltet. Spør korleis denne ekstrakostnaden skal dekkast inn. Når det gjeld det andre vegalternativet på austsida av feltet er dette i konflikt med elva, der er det ikkje kartlagt noko om aurebestanden. Nordø sa vidare at han ikkje veit noko om kor mykje aure det er i elva, men dette er i alle fall ikkje kartlagt. Ber om at det vert gjort ei biologisk kartlegging av aure, utbygginga kan ta livet av ein aurestamme, og konsulentfirmaet Abo som kommunen har brukt peikar på at dette er problematisk.

Nordø la fram dette framlegget til vedtak:

Før godkjenning av vegframføring til bustadområde B09 skal kommunen i samsvar med

naturmangfaldslova kartleggja aurebestanden i vassdraget som vert påverka av alternativ 2. For dette temaet er kunnskapsgrunnlaget slik kommunestyret ser det, ikkje i samsvar med lovkravet. Om kartlegginga syner større negative konsekvensar for bestanden og det potensialet elva har for bestandsoppbygging, skal alternativ 1 veljast.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om det i planen er lagt opp til sanering av innkjøringar (dette er for fylkesveg 568 Sævrøyvegen), ved å ta inn fleire innkjøringar slik som tidlegare planlagt.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft svara at ein har sanert ei innkjøring i dette planutkastet. Det er vanskeleg å ta fleire innkjøringar på grunn av høgdeforskjellar i dette området, men ein har fått rydda opp og sikra siktsone.

Hardy Pedersen (Ap) sa at når årsdøgntrafikken (ÅDT) på fylkesveg 568 er 650 bilar, så er denne vegen heilt klart for smal. Når det gjeld fisk i elva så var det fisk der då eg var guttunge, men har ikkje sett noko der no. Elveløpet er endra på i samband med vassleidning, trur ikkje det er mykje fisk der no, men tør ikkje seia sikkert. Løysinga med veg på austsida av feltet er betre trafikkmessig for dei som bur der no, og dei som kjem i nye bustader.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft sa at det er mogleg å kultivera ei elv for å få tilbake ein aurebestand som ikkje er der lengre. Har ikkje sett aure der, det er trist at dette er vekke.

Jan Nordø (Bygdelista) sa at det skal vera fisk lengre oppe i vassdraget, men det kan vera lite akkurat her. Bør ikkje øydelegga med å bygga ein veg som øydelegg for aurebestanden. Er også oter i området, som ein bør ta vare på.

Hardy Pedersen tok (på dette tidspunktet i møtet) opp om det skal vurderast om han er ugild/inhabil i denne saka, sidan familien eig bustad der.

Kommunalsjef Thomas Lindås sa at dersom planen kan forringa verdien på eigedommen til familiemedlemmer, så gjer det Pedersen til part i saka, slik at han vert ugild. Berre det at det vert diskutert, er grunnlag nok for å seia at han er ugild.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft sa at praksisen er at den som bur innanfor planområdet bør seia seg ugilde, då dei elles kan seiast ugilde i etterkant, til dømes kan ein seia at planen har auka verdien av eigedommar gjennom høgare utnytting eller liknande.

Reidar Øksnes (Sp) viste til andre tilsvarande saker der representantar vart erklært som ugilde.

Representanten Monika Thorpe (Ap) bur innanfor planområdet, og diskusjonen gjeld også henne.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein bør erklæra Hardy Pedersen og Monika Thorpe som ugilde, slik at det ikkje vert spørsmål i etterkant.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft sa at sidan desse har klagerett, er dei å rekna som partar i saka.

Jan Nordø (Bygdelista) sa at han synest det er strengt om standarden er slik at dei som er part i saka er ugilde. Det er vanskelege å driva politikk i ein liten kommune dersom dette skal vera grensa.

Det vart røysta over ugildskap.

Monika Thorpe (Ap) er ugild, vedteke med 14 mot 1 røyst (Jan Nordø, Bygdelista)

Hardy Pedersen (Ap) er ugild, vedteke med 14 mot 1 røyst (Jan Nordø, Bygdelista)

Saka vart diskutert vidare utan desse to representantane.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at ein ikkje treng å øydelegga for auren med dette reguleringsplanframlegget.

Jan Nordø (Bygdelista) sa at denne elva er kartlagt i friluftspanen, og dess viktigare er det å få til ei løysing for denne.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at han følgjer Nordø på mykje av argumentasjonen, men i eit felt med born er det trafikktryggleiken som er viktigast. Elva kan ein gjera ting for, men ikkje vegen om den først er lagt inn i feltet.

Handsaming i kommunestyret:

Framlegget frå formannskapet vart sett opp mot framlegget frå Jan Nordø (Bygdelista).

Formannskapet sitt framlegg vedteke med 14 mot 1 røyst Jan Nordø (Bygdelista).

KS - 116/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner planendring for Heiane bustadfelt og Finnsvågen med utviding av bustadområde B09, planid. 2018001. Reguleringsføresegner er datert den 23.11.2020. ROS-analyse er datert den 31. oktober 2020. Plankart er datert den 25. november 2020. Planomtale og GH-karta til revidert *VA-rammeplan* er datert den 03.11.20. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.

117/20: Medfinansiering av drift av vassområda frå 2021-2027- Førespurnad frå Vestland fylkeskommune

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune løyver kr. **19.739** til drift av vassområda for 2021. Vidare kostnadsfordeling for åra 2022-2027 må drøftast i politiske fora og med Vestland fylkeskommune. Den naturlege kostnadsfordelinga hadde vore kr. 3 pr. innbyggjar i kvar kommune pr. år i gamle Hordaland fylke. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

03.12.2020 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka. Ein bør godta dette no, for det er viktig og arbeidet bør ikkje stoppe opp, så bør ein ta ein vurdering framover seinare.

Per Lerøy (Ap) - vi er samde om at vi godtek denne, så får vi heller ta opp i dei rette fora korleis fordelingsnøkkelen skal vere. Kanskje skal det opp i Regionrådet.

Rådmann Liv Løvvik - lurt å ta opp saka i Regionrådet.

Per Lerøy (Ap) sa at fordelingsnøklar som vert oppfatta som urettferdige kan sette interkommunale prosjekt fare.

Asbjørn Toft - saksopplysning i møte: Rådmanen si innstilling frå Alver er at dei ikkje vil vere med på samarbeid, usikkert kva politikarane i Alver gjer.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 161/20 - 03.12.2020 - Vedtak:

Austrheim kommune løyver kr. **19.739** til drift av vassområda for 2021. Vidare kostnadsfordeling for åra 2022-2027 må drøftast i politiske fora og med Vestland fylkeskommune. Den naturlege kostnadsfordelinga hadde vore kr. 3 pr. innbyggjar i kvar kommune pr. år i gamle Hordaland fylke. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka.

Ordførar Per Lerøy sa at dersom modellen skal gå som dette, kjem dei større kommunane veldig bra ut, medan dei mindre kommunane kjem dårleg ut.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 117/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Austrheim kommune løyver kr. **19.739** til drift av vassområda for 2021. Vidare kostnadsfordeling for åra 2022-2027 må drøftast i politiske fora og med Vestland fylkeskommune. Den naturlege kostnadsfordelinga hadde vore kr. 3 pr. innbyggjar i kvar kommune pr. år i gamle Hordaland fylke. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga.

118/20: Lokal forskrift med gebyrsatsar for teknisk forvaltningsteneste 2021 - Godkjenning

Rådmannen sitt framlegg:

Lokal forskrift med gebyrsatsar for teknisk forvaltningsteneste 2021 vert godkjent slik den ligg føre. Gebyrsatsane trer i kraft den 01.01.2021.

Vedtaket er heimla i Plan og bygningslova § 33, Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 32, Konesjonslov, forskrift om gebyr heimla i forvaltingslova § 27 a, Forskrift nr. 864 heimla i Lov om eigarseksjonar § 7 og Forskrift nr. 98 heimla i Lov om vern mot forureining § 52 og lov om hamner og farvann § 6.

11.11.2020 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, der ein justerer satsane med kring 2 prosent.

På spørsmål frå ordførar Per Lerøy (Ap) svara Toft at gebyra i nabokommunane er nokolunde like. Kan vera litt dyrare byggesaksgebyr i Alver, der det er meir komplekse saker, og i Bergen som har høgare nivå på plandetaljar. Nivået i Austrheim er slik at folk søker om tiltak dei vil gjennomføra.

Ordførar Lerøy la til at administrasjonen må vera sikre på at gebyrnivået er omlag likt med nabokommunane, slik at ein ikkje taper i konkurransen med nabokommunar når folk ønskjer å byggja.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

FS - 137/20 - 11.11.2020 - Vedtak:

Lokal forskrift med gebyrsatsar for teknisk forvaltningsteneste 2021 vert godkjent slik den ligg føre. Gebyrsatsane trer i kraft den 01.01.2021.

Vedtaket er heimla i Plan og bygningslova § 33, Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 32, Konesjonslov, forskrift om gebyr heimla i forvaltingslova § 27 a, Forskrift nr. 864 heimla i Lov om eigarseksjonar § 7 og Forskrift nr. 98 heimla i Lov om vern mot forureining § 52 og lov om hamner og farvann § 6.

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 118/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Lokal forskrift med gebyrsatsar for teknisk forvaltningsteneste 2021 vert godkjent slik den ligg føre. Gebyrsatsane trer i kraft den 01.01.2021.

Vedtaket er heimla i Plan og bygningslova § 33, Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 32, Konesjonslov, forskrift om gebyr heimla i forvaltingslova § 27 a, Forskrift nr. 864 heimla i Lov om eigarseksjonar § 7 og Forskrift nr. 98 heimla i Lov om vern mot forureining § 52 og lov om hamner og farvann § 6.

farvann § 6.

119/20: Betaling for dagsenterplass på Nordliheimen 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre vedtek at betaling for dagsenterplass (inkl. lunsj) ved Nordliheimen vert fastsett til kr. 164,- pr. dag. Dette er ei auke på 2,2%.

11.11.2020 FORMANNSKAPET

Ordfører Per Lerøy (Ap) viste til sakframlegget.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

FS - 142/20 - 11.11.2020 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek at betaling for dagsenterplass (inkl. lunsj) ved Nordliheimen vert fastsett til kr. 164,- pr. dag. Dette er ei auke på 2,2%.

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:
Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 119/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek at betaling for dagsenterplass (inkl. lunsj) ved Nordliheimen vert fastsett til kr. 164,- pr. dag. Dette er ei auke på 2,2%.

120/20: Betaling for følgjeteneste for ikkje lovpålagde tenester 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke eigenandelen med 2,2% for følgjeteneste i 2021.

Prisen vert då:

For følgjeteneste: kr. 102,-
Pr. oppdrag heimetenesta utfører: kr. 75,-

11.11.2020 FORMANNSKAPET

Ordfører Per Lerøy (Ap) viste til sakframlegget.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

FS - 141/20 - 11.11.2020 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke eigenandelen med 2,2% for følgjeteneste i 2021.

Prisen vert då:

For følgjeteneste: kr. 102,-
Pr. oppdrag heimetenesta utfører: kr. 75,-

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 120/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke eigenandelen med 2,2% for følgjeteneste i 2021.

Prisen vert då:

For følgjeteneste: kr. 102,-
Pr. oppdrag heimetenesta utfører: kr. 75,-

121/20: Betaling for heimetenester 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre aukar satsen for betaling av heimetenester med 2,2% for 2021.

Husstander med inntekt inntil 2 G (kr. 201.706,-)har ein eigendel pr. månad for heimetenester som vert regulert statleg.

	Betaling for mnd	Timepris
2 – 3 G	Kr. 721,-	Kr. 189,-
3 – 4 G	Kr. 905,-	Kr. 291,-
4 – 5 G	Kr. 1261,-	Kr. 325,-
Over 5 G	Kr. 1597,-	Kr. 367,-

11.11.2020 FORMANNSKAPET

Ordfører Per Lerøy (Ap) viste til sakframlegget.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

FS - 140/20 - 11.11.2020 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre aukar satsen for betaling av heimetenester med 2,2% for 2021. Husstander med inntekt inntil 2 G (kr. 201.706,-)har ein eigendel pr. månad for heimetenester som vert regulert statleg.

	Betaling for mnd	Timepris
2 – 3 G	Kr. 721,-	Kr. 189,-
3 – 4 G	Kr. 905,-	Kr. 291,-

4 – 5 G	Kr. 1261,-	Kr. 325,-
Over 5 G	Kr. 1597,-	Kr. 367,-

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 121/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre aukar satsen for betaling av heimetenester med 2,2% for 2021. Husstander med inntekt inntil 2 G (kr. 201.706,-) har ein eigendel pr. månad for heimetenester som vert regulert statleg.

	Betaling for mnd	Timepris
2 – 3 G	Kr. 721,-	Kr. 189,-
3 – 4 G	Kr. 905,-	Kr. 291,-
4 – 5 G	Kr. 1261,-	Kr. 325,-
Over 5 G	Kr. 1597,-	Kr. 367,-

122/20: Betaling for middag og lunsj 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke eigenandelen for middag og lunsj med 2,2%

Prisen vert slik:

Hente sjølv:	kr. 95,-
Heimkjørt:	kr. 105,-
Spise på Nordliheimen:	kr. 105,-
Spise lunsj på Nordliheimen:	kr. 63,-

11.11.2020 FORMANNSKAPET

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til sakframlegget.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

FS - 139/20 - 11.11.2020 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke eigenandelen for middag og lunsj med 2,2%

Prisen vert slik:

Hente sjølv:	kr. 95,-
Heimkjørt:	kr. 105,-
Spise på Nordliheimen:	kr. 105,-
Spise lunsj på Nordliheimen:	kr. 63,-

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 122/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke eigenandelen for middag og lunsj med 2,2%

Prisen vert slik:

Hente sjølv:	kr. 95,-
Heimkjørt:	kr. 105,-
Spise på Nordliheimen:	kr. 105,-
Spise lunsj på Nordliheimen:	kr. 63,-

123/20: Betaling for tryggleiksalarm 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke betalingsatsen for tryggleiksalarm med 2,2% for 2021.

Dei nye satsane blir:

Kr. 280,- for dei med inntekt inntil 2 G

Kr. 451 for dei med inntekt over 2 G

11.11.2020 FORMANNSKAPET

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til sakframlegget.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

FS - 138/20 - 11.11.2020 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke betalingsatsen for tryggleiksalarm med 2,2% for 2021.

Dei nye satsane blir:

Kr. 280,- for dei med inntekt inntil 2 G

Kr. 451 for dei med inntekt over 2 G

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 123/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å auke betalingsatsen for tryggleiksalarm med 2,2% for 2021.

Dei nye satsane blir:

Kr. 280,- for dei med inntekt inntil 2 G

Kr. 451 for dei med inntekt over 2 G

124/20: Gebyr alkohol- og tobakkssaker 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune nyttar dei satsane som er fastsette i sentrale lover og forskrifter, og oppdaterer våre satsar når lovgjevar endrar sine.

03.12.2020 FORMANNSKAPET

Handsaming i formannskapet:
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 148/20 - 03.12.2020 - Vedtak:

Austrheim kommune nyttar dei satsane som er fastsette i sentrale lover og forskrifter, og oppdaterer våre satsar når lovgjevar endrar sine.

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:
Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 124/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Austrheim kommune nyttar dei satsane som er fastsette i sentrale lover og forskrifter, og oppdaterer våre satsar når lovgjevar endrar sine.

125/20: Gebyr- og betalingssatsar oppvekst og kultur for 2021**Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret vedtek gebyr- og brukarbetalingar for oppvekst og kultur slik det går fram av vedlagte hefte «Framlegg til gebyr og betalingssatsar oppvekst og kultur for 2021».

03.12.2020 FORMANNSKAPET

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 154/20 - 03.12.2020 - Vedtak:

Kommunestyret vedtek gebyr- og brukarbetalingar for oppvekst og kultur slik det går fram av vedlagte hefte «Framlegg til gebyr og betalingssatsar oppvekst og kultur for 2021».

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:
Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 125/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Kommunestyret vedtek gebyr- og brukarbetalingar for oppvekst og kultur slik det går fram av vedlagte hefte «Framlegg til gebyr og betalingsattsar oppvekst og kultur for 2021».

126/20: Gebyr slam 2021

Rådmannen sitt framlegg:

- Årleg gebyr septikslam med tømning kvart år kr 1584
- Årleg gebyr septikslam med tømning kvart 2. år kr 792
- Årleg gebyr septikslam med tømning kvart 4. år kr 396
- Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar kr 320
- Ekstratøming inntil 4,5 kubikk kr 2 995
- Naudtøming inntil 4,5 kubikk kr 5 990
- Ekstratøming over 4,5 kubikk, per kubikk kr 524
- Naudtøming over 4,5 kubikk, per kubikk kr 1047

Alle tal er utan MVA.

03.12.2020 FORMANNSKAPET

Handsaming i formannskapet:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 150/20 - 03.12.2020 - Vedtak:

- Årleg gebyr septikslam med tømning kvart år kr 1584
- Årleg gebyr septikslam med tømning kvart 2. år kr 792
- Årleg gebyr septikslam med tømning kvart 4. år kr 396
- Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar kr 320
- Ekstratøming inntil 4,5 kubikk kr 2 995
- Naudtøming inntil 4,5 kubikk kr 5 990
- Ekstratøming over 4,5 kubikk, per kubikk kr 524
- Naudtøming over 4,5 kubikk, per kubikk kr 1047

Alle tal er utan MVA.

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:
Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 126/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

- Årleg gebyr septikslam med tøming kvart år kr 1584
- Årleg gebyr septikslam med tøming kvart 2. år kr 792
- Årleg gebyr septikslam med tøming kvart 4. år kr 396
- Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar kr 320
- Ekstratøming inntil 4,5 kubikk kr 2 995
- Naudtøming inntil 4,5 kubikk kr 5 990
- Ekstratøming over 4,5 kubikk, per kubikk kr 524
- Naudtøming over 4,5 kubikk, per kubikk kr 1047

Alle tal er utan MVA.

127/20: Avløpsavgift 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre vedtek ny kloakkavgift frå 01.01.2021. Avgiftene vert uendra frå 2020. Gebyr for tilknytning vert ved godkjend søknad.

	Areal	Avgiftsareal	Årsavgift
Bustad/hytte inntil	90 m ²	80 m ²	3.737,-
Bustad/hytte over	90 m ²	130 m ²	6.081,-
Minsteavgift andre bygg	100 m ²		4.039,-
Bygg med målt forbruk		Pr m ³	30,24
Fast avgift målar			1.041,-

Tilknytingsavgift for 2021

	Avgift inkl. mva
Tilknytning bustad/hytte	26.395,-
Tilknytning andre bygg med under 50mm vassinntak	26.395,-
Tilknytning andre bygg med over 50mm vassinntak	52.790,-

Handsaming i formannskapet:
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 149/20 - 03.12.2020 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek ny kloakkavgift frå 01.01.2021. Avgiftene vert uendra frå 2020. Gebyr for tilknytning vert ved godkjend søknad.

	Areal	Avgiftsareal	Årsavgift
Bustad/hytte inntil	90 m ²	80 m ²	3.737,-
Bustad/hytte over	90 m ²	130 m ²	6.081,-
Minsteavgift andre bygg	100 m ²		4.039,-
Bygg med målt forbruk		Pr m ³	30,24
Fast avgift målar			1.041,-

Tilknytingsavgift for 2021

	Avgift inkl. mva
Tilknytning bustad/hytte	26.395,-
Tilknytning andre bygg med under 50mm vassinntak	26.395,-
Tilknytning andre bygg med over 50mm vassinntak	52.790,-

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:
Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 127/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek ny kloakkavgift frå 01.01.2021. Avgiftene vert uendra frå 2020. Gebyr for tilknytning vert ved godkjend søknad.

	Areal	Avgiftsareal	Årsavgift
Bustad/hytte inntil	90 m ²	80 m ²	3.737,-
Bustad/hytte over	90 m ²	130 m ²	6.081,-
Minsteavgift andre bygg	100 m ²		4.039,-
Bygg med målt forbruk		Pr m ³	30,24

Fast avgift målar			1.041,-
-------------------	--	--	---------

Tilknytingsavgift for 2021

	Avgift inkl. mva
Tilknytning bustad/hytte	26.395,-
Tilknytning andre bygg med under 50mm vassinntak	26.395,-
Tilknytning andre bygg med over 50mm vassinntak	52.790,-

128/20: Vassavgift 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre vedtek reduksjon på 25% i årlege vassavgifter frå 1.1.21

Avgiftene for 2021 vert:

Årlege:	Areal- grunnlag m2	Avgiftsareal	Avgift inkl. mva.
Bustad/hytte inntil	90 m ²	80 m ²	3.548,-
Bustad/hytte over	90 m ²	130	5.773,-
Minsteavgift for andre bygg	100 m ²		3.687,-
Bygg med målt forbruk pr. m ³		Pr. m ³	24.39
Fast avgift målar			1.011,-

Tilknytning bustad/hytte over	90 m ²	26.395,-
Tilknytning andre bygg med inntil 50 mm inntak		26.395,-
Tilknytning andre bygg med over 50 mm inntak		52.790,-

Det har vore gjort eit etterkalkyle og avgifta kan settast ned, det blir 10 % reduksjon
Handsaming i formannskapet:
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 152/20 - 03.12.2020 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek reduksjon på 25% i årlege vassavgifter frå 1.1.21

Avgiftene for 2021 vert:

Årlege:	Areal- grunnlag m ²	Avgiftsareal	Avgift inkl. mva.
Bustad/hytte inntil	90 m ²	80 m ²	3.548,-
Bustad/hytte over	90 m ²	130	5.773,-
Minsteavgift for andre bygg	100 m ²		3.687,-
Bygg med målt forbruk pr. m ³		Pr. m ³	24.39
Fast avgift målar			1.011,-

Tilknytning bustad/hytte over	90 m ²	26.395,-
Tilknytning andre bygg med inntil 50 mm inntak		26.395,-
Tilknytning andre bygg med over 50 mm inntak		52.790,-

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:
Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 128/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek reduksjon på 25% i årlege vassavgifter frå 1.1.21

Avgiftene for 2021 vert:

Årlege:	Areal- grunnlag m ²	Avgiftsareal	Avgift inkl. mva.
Bustad/hytte inntil	90 m ²	80 m ²	3.548,-
Bustad/hytte over	90 m ²	130	5.773,-
Minsteavgift for andre bygg	100 m ²		3.687,-
Bygg med målt forbruk pr.		Pr. m ³	24.39

m3			
Fast avgift målar			1.011,-

Tilknytning bustad/hytte over	90 m ²	26.395,-
Tilknytning andre bygg med inntil 50 mm inntak		26.395,-
Tilknytning andre bygg med over 50 mm inntak		52.790,-

129/20: Feieavgift 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre vedtek følgjande gebyr for feiing og tilsyn for bustadhus og lik gebyr for fritidshus og hytter frå 01.01.2021.

	Grunnlag	Avgift pr.år inkl. avgift
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	1 pipe	480,-
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	2 piper	636,-

Tenesta vert betalt med fast årleg sum som er lik for alle abonnentar. Beløpet er rekna ut som gjennomsnittspris pr.pipe

Feiing og tilsyn gjeld berre for hus, fritidshus og hytter med montert eldstad/fyringsanlegg.

03.12.2020 FORMANNSKAPET

Det er blitt feil i framlegg til vedtak i sakspapiret, avgift skal vere som i saksutgreiing, kr 581,- for 1 pipe og kr 768,- for to

Framlegg til vedtak blir:

Årleg gebyr for feiing og tilsyn, 1 pipe, kr 581,-

Årleg gebyr for feiing og tilsyn 2 piper, kr 768,-

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes vedteke som i saksutgreiinga.

FS - 153/20 - 03.12.2020 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek følgjande gebyr for feiing og tilsyn for bustadhus og lik gebyr for fritidshus og hytter frå 01.01.2021.

	Grunnlag	Avgift pr.år inkl. avgift
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	1 pipe	581,-
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	2 piper	768,-

Tenesta vert betalt med fast årleg sum som er lik for alle abonnentar. Beløpet er rekna ut som gjennomsnittspris pr.pipe

Feiing og tilsyn gjeld berre for hus, fritidshus og hytter med montert eldstad/fyringsanlegg.

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:
Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 129/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek følgjande gebyr for feiing og tilsyn for bustadhus og lik gebyr for fritidshus og hytter frå 01.01.2021.

	Grunnlag	Avgift pr.år inkl. avgift
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	1 pipe	480,-
Årleg gebyr for feiing og tilsyn	2 piper	636,-

Tenesta vert betalt med fast årleg sum som er lik for alle abonnentar. Beløpet er rekna ut som gjennomsnittspris pr.pipe

Feiing og tilsyn gjeld berre for hus, fritidshus og hytter med montert eldstad/fyringsanlegg.

130/20: Renovasjonsavgift 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre vedtek slike renovasjonsgebyr gjeldande frå 01.01.20

Renovasjonsgebyr	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
2021			
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-kr 320,00	kr 3.168,00	kr 2.768,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 3.488,00	kr 3.088,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3.808,00	kr 3.408,00
Hytterrenovasjon		kr 1 472,00	

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tømning / større dunk er oppgjeve utan mva. Kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

03.12.2020 FORMANNSKAPET

Handsaming i formannskapet:
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke
Gebyra gjeld frå 01.01.2021

FS - 151/20 - 03.12.2020 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek slike renovasjonsgebyr gjeldande frå 01.01.2021

Renovasjonsgebyr	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
2021			
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-kr 320,00	kr 3.168,00	kr 2.768,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 3.488,00	kr 3.088,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3.808,00	kr 3.408,00
Hytterenovasjon		kr 1 472,00	

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tøming / større dunk er oppgjeve utan mva. Kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:
Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 130/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek slike renovasjonsgebyr gjeldande frå 01.01.20

Renovasjonsgebyr	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
2021			
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-kr 320,00	kr 3.168,00	kr 2.768,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 3.488,00	kr 3.088,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3.808,00	kr 3.408,00
Hytterenovasjon		kr 1 472,00	

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tøming / større dunk er oppgjeve utan mva. Kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

131/20: Nordhordland Revisjon IKS - oppdatering av selskapsavtale

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret i Austrheim kommune vedtek selskapsavtalen for Nordhordland Revisjon IKS datert 15.11.2020 som er oppdatert med endringane gjeldande frå 1.1.2020.

03.12.2020 FORMANNSKAPET

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 155/20 - 03.12.2020 - Vedtak:

Kommunestyret i Austrheim kommune vedtek selskapsavtalen for Nordhordland Revisjon IKS datert 15.11.2020 som er oppdatert med endringane gjeldande frå 1.1.2020.

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:
Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 131/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Kommunestyret i Austrheim kommune vedtek selskapsavtalen for Nordhordland Revisjon IKS datert 15.11.2020 som er oppdatert med endringane gjeldande frå 1.1.2020.

132/20: Møteplan for 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen rår til at møteplanen vert vedteke slik den ligg ved.

Det var sett opp møte i formannskapet og adm. utval den 21. januar. Sidan det vert kommunestyre 21. januar med skulesaka, kan dette vera eit nytt januar-oppsett:

Torsdag 14. januar: Formannskap

Torsdag 21. januar: Kommunestyre

Torsdag 28. januar: Administrasjonsutval

Torsdag 28. januar: Formannskap
(Møtesekretæren)

03.12.2020 FORMANNSKAPET

Ordfører Per Lerøy (Ap) sa at det har kome inn ønske om kommunestyremøte på dagtid, det er i møteplan lagt opp til at det skal vera kl 18.00.

Rådmann Liv Løvvik sa at blir lange dagar for dei som jobbar vanleg dagtidsjobb først.

Per Lerøy (Ap) sa at ein kan vurdere at omfattande møte som junimøtet kan gå på dagtid.

Rådmann Liv Løvvik sa at ein kan vurderer å ha hyppigare møter, spesielt når det går via Teams. Framlegg frå kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug om ekstra møter i januar: Formannskap 14.01 og kommunestyre 21.01., begge for skulesaka som no er på høyring.

Helge Dyrkolbotn (KrF) ba om at ein legg møta inn i planen og så får ein heller justera etter kvart, treng ein grundig gjennomgang av skulesaka

Framlegg til vedtak:

Møteplan blir vedteke slik den ligg ved, men med ekstra møte for formannskapet 14.01.21 og kommunestyret 21.01.21

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes vedteke

FS - 157/20 - 03.12.2020 - Vedtak:

Møteplan blir vedteke slik den ligg ved, med ekstra møte for formannskapet 14.01.21 og kommunestyret 21.01.21

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Nye møte i januar foreslått av: Ketil Tjore

Det var sett opp møte i formannskapet og adm. utval den 21. januar. Sidan det vert kommunestyre 21. januar med skulesaka, kan dette vera eit nytt januar-oppsett:

Torsdag 14. januar: Formannskap

Torsdag 21. januar: Kommunestyre

Torsdag 28. januar: Administrasjonsutval

Torsdag 28. januar: Formannskap

(Møtesekretæren)

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannens framlegg til vedtak, med tillegget med rettingar om møte i januar, vart samrøystes vedteke.

KS - 132/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Rådmannen rår til at møteplanen vert vedteke slik den ligg ved.

Det var sett opp møte i formannskapet og adm. utval den 21. januar. Sidan det vert kommunestyre 21. januar med skulesaka, kan dette vera eit nytt januar-oppsett:

Torsdag 14. januar: Formannskap

Torsdag 21. januar: Kommunestyre

Torsdag 28. januar: Administrasjonsutval

Torsdag 28. januar: Formannskap

133/20: Revisjon av selskapsavtale Region Nordhordland Helsehus IKS

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune godkjenner revidert selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS med fylgjande endringar:

1. Alver kommune overtar eigaransvaret til kommunane Lindås, Meland og Radøy
2. Eigardelen i selskapet vert fordelt 30 % likt på kommunane og 70 % ut i frå folketalet.

03.12.2020 FORMANNSKAPET

Rådman Liv Løvvik sa avtalen må på plass før utgangen av 2020.

Per Lerøy (Ap) - meinte det ville vore bra om ein slik fordelingsnøkkel kunne nyttast og så i andre samanhengar. Rådmann påpeika at når det er over 50% etter folketal er det bedre for små kommunar.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 156/20 - 03.12.2020 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner revidert selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS med fylgjande endringar:

1. Alver kommune overtar eigaransvaret til kommunane Lindås, Meland og Radøy
2. Eigardelen i selskapet vert fordelt 30 % likt på kommunane og 70 % ut i frå folketalet.

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Ordførar Per Lerøy sa at det ser ut for at Helsehuset vert 150-160 millionar rimelegare enn det var førespegla.

Det er lagt opp til reforhandling av husleigeavtalane på grunnlag av bygget vert rimelegare.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 133/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner revidert selskapsavtale for Region Nordhordland Helsehus IKS med fylgjande endringar:

1. Alver kommune overtar eigaransvaret til kommunane Lindås, Meland og Radøy
2. Eigardelen i selskapet vert fordelt 30 % likt på kommunane og 70 % ut i frå folketalet.

134/20: Vedtak - Overordna Beredskapsplan

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret vedtar overordna beredskapsplan for Austrheim kommune slik den ligg føre.

Videre vedtek kommunestyret at dei planar som vert etterlyst i rapport frå tilsynet skal utarbeidast.

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Kommunalsjef service og forvaltning, Thomas Lindås, orienterte om saka. Det er no gjort ein revisjon av planen, dette er elles er eit arbeid som må gå kontinuerleg, både for denne overordna planen og dei underliggande planane. No er det teke ut opplysningar om kven som har kva rolle, dette er i staden plassert i ei oversikt som kan oppdaterast månadleg utan å rullera heile planen.

Britt M. S. Lerøy (Ap) spurte om kommunen har beredskapslager for ulikt materiell. Kommunalsjef Thomas Lindås svara at dette er omtala i underliggande planar, men at desse til dels er av eldre dato. Kommunalsjef Monika Kvamme sa om beredskapslager at kommunen er pålagt å samla opp materiell for 8 månader framover, og dette har ein på plass i Austrheim no, med munnbind, hanskar, smittefrakkar, handsprit med meir. Har avtale med Mongstad om lokale for isolering av smitta der såframt desse lokala er ledige. Kan også bruka Kilstraumen til isolasjon, med matsservering derifrå, eventuelt med servering frå Nordliheimen. Kan også isolera smitta personar i ein bustad kommunen eig i Åråsfeltet.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein kan venta seg at det kjem pålegg frå Fylkesmannen om oppdateringar av dei underliggande planane.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 134/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Kommunestyret vedtar overordna beredskapsplan for Austrheim kommune slik den ligg føre.

Videre vedtek kommunestyret at dei planar som vert etterlyst i rapport frå tilsynet skal utarbeidast.

135/20: Rullering av handlingsplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2021

Rådmannen sitt framlegg:

Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2012-2020 vert vidareført til 2022.
Arbeidet med ny plan startar i 2021.

Prioritering	Ordinære anlegg	
1 Nr 14512	To tiltak på Kaland skule, garderebane.	Gjentakast
2 Nr 145210	Etablering av båthus i Årvika friluftsområde	Fornyst
3 Nr 145211	Rehabilitering av lys i Austrheimhallen	Fornyst
5 Venter på nr	Dagsturhytta Vardetangen m/toalett	Ny søknad
Prioritering	Ordinære nærmiljøanlegg	
1 Nr 145266	Aktivitetsflate Lerøy vel	Fornyst

Ordinære anlegg

Punkt 6: Universell turveg ved Austrheim Idrettspark er prosjektet av AsplanViak i 2015, og dette arbeidet må takast opp med tanke på søknad om spelemidlar i januar 2022.

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv - nytt verbalpunkt foreslått av: Helge Dyrkolbotn

Ordinære anlegg

Punkt 6: Universell turveg ved Austrheim Idrettspark er prosjektet av AsplanViak i 2015, og dette arbeidet må takast opp med tanke på søknad om spelemidlar i januar 2022.

Helge Dyrkolbotn (KrF) la fram eit framlegg til vedtak om å leggja til eit punkt om universell turveg ved Austrheim idrettspark. Dyrkolbotn viste til at dette ville vera eit godt folkehelseiltak, og at løypa vil vera nær mange brukarar, som skulen og Furuly. Det kan også dela litt på bruken av stien til Vardetangen, som vert brukt av mange i dag.

Austrheim Ap og H hadde elles eit liknande framlegg, med denne ordlyden: "Universelt utforma tursti ved idrettshallen vert teken med i planen."

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannens framlegg til vedtak, med tillegget frå KrF ved Helge Dyrkolbotn, vart samrøystes vedteke.

KS - 135/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2012-2020 vert vidareført til 2022.
Arbeidet med ny plan startar i 2021.

Prioritering	Ordinære anlegg	
1 Nr 14512	To tiltak på Kaland skule, garderebane.	Gjentakast

2 Nr 145210	Etablering av båthus i Årvika friluftsområde	Fornyast
3 Nr 145211	Rehabilitering av lys i Austrheimhallen	Fornyast
5 Venter på nr	Dagsturhytta Vardetangen m/toalett	Ny søknad
Prioritering	Ordinære nærmiljøanlegg	
1 Nr 145266	Aktivitetsflate Lerøy vel	Fornyast

Ordinære anlegg

Punkt 6: Universell turveg ved Austrheim Idrettspark er prosjektet av AsplanViak i 2015, og dette arbeidet må takast opp med tanke på søknad om spelemidlar i januar 2022.

136/20: Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 - sak frå kontrollutvalet

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024 med følgjande prioriterte område:

1. Eigarstyring i Austrheim kommune
2. IKT Nordhordland Kommunalt Oppgåvefelleskap

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-4.

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 136/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Kommunestyret vedtek plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024 med følgjande prioriterte område:

1. Eigarstyring i Austrheim kommune
2. IKT Nordhordland Kommunalt Oppgåvefelleskap

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-4.

137/20: Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 - sak frå kontrollutvalet

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 med følgjande prioriterte område:

1. Kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk innan helse- og omsorg
2. Teknisk; Internkontrollsystem

Uprioritert liste:

- Styringssystem; Samhandling og oppfølging av tenester levert av andre kommunar
- IKT Nordhordland (felles forvaltningsrevisjon av selskap)
- Varsling, etikk og habilitet

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-3.

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannens framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 137/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 med følgjande prioriterte område:

1. Kompetanse, rekruttering og tilsettepolitikk innan helse- og omsorg
2. Teknisk; Internkontrollsystem

Uprioritert liste:

- Styringssystem; Samhandling og oppfølging av tenester levert av andre kommunar
- IKT Nordhordland (felles forvaltningsrevisjon av selskap)
- Varsling, etikk og habilitet

Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-3.

138/20: Planutvalet, vurdering av utviding

Rådmannen sitt framlegg:

Styringsgruppa for planstrategien er lik formannskapet.

For å sikra representasjon frå alle partia i kommunestyret vert styringsgruppa for planstrategien

utvida med 1 representant frå Bygdelista i Austrheim.

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Styringsgruppa for planstrategien, vurdering av utviding foreslått av: Jan Nordø

For å sikra representasjon frå alle partia i kommunestyret vert styringsgruppa for planstrategien utvida med 1 representant frå Bygdelista i Austrheim.

Jan Nordø (Bygdelista) sa at Bygdelista har lyst å vera med i styringsgruppa for planstrategien, for å vera med og ha ei hand på rattet. Nordø la fram eit eige framlegg til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Dei to framlegga vart sette opp mot kvarandre.

Rådmannens framlegg til vedtak vart vedteke med 10 røyster (Arbeidarpartiet og Høgre) mot 7 røyster (Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti og Bygdelista)

KS - 138/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Styringsgruppa for planstrategien er lik formannskapet.

139/20: Tilskot til arbeidet med busslomme og fortau i Toftegårdskrysset

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen utarbeider ny utbyggingsavtalen der tilskotet vert betalt ut i 2020 og 2021. Anleggsbidraget som vart gjort vedtak om i KS-013/19, vert endra til kr. 650.778.

Før utbetaling av tilskot skal tiltakshavar ferdigstilla skråninga mot tidevassdammen med jordtildekking, såing og fjerning av trestammar.

Vedtak frå sak KS-03/19 vert ståande.

Rådmannen utarbeider ny utbyggingsavtalen der tilskotet vert betalt ut i 2020. Anleggsbidraget som vart gjort vedtak om i KS-013/19, vert endra til kr. 650.778.

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Tilskot til arbeidet med busslomme og fortau i Toftegårdskrysset foreslått av: Jan Nordø

Før utbetaling av tilskot skal tiltakshavar ferdigstillast skråninga mot tidevassdammen med jordtildekking, såing og fjerning av trestammar.

Tilskot til arbeidet med busslomme og fortau i Toftegårdskrysset foreslått av: Anne Dahle Austrheim

Vedtak frå sak KS-03/19 vert ståande.

Tilskot til arbeidet med busslomme og fortau i Toftegårdskrysset foreslått av:

Rådmannen utarbeider ny utbyggingsavtalen der tilskotet vert betalt ut i 2020.
Anleggsbidraget som vart gjort vedtak om i KS-013/19, vert endra til kr. 650.778.

Denne saka vart diskutert i to vendingar. Først som del av 142/20 om budsjettreguleringar, deretter i 139/20 (141/20 og 142/20 vart handsama først i møtet). Diskusjonen er samla i denne saka.

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, orienterte om saka. Det er tatt utgangspunkt i den rekneskapen som er levert, men ein ser at det er påløpt ein det kostnader som entreprenøren heller ikkje har lagt inn i rekneskapen som er levert. Administrasjonen har sett på dokumentasjonen, og finn det rimeleg å støtta desse kostnadene som er påført etter at arbeidet var igangsett.

Rådmann Liv Løvvik sa at dette framstår som eit legitimt krav, som er framsett etter at det har komme endringar. Kommunen bør ta dette ansvaret, og dekkja desse ekstrakostnaden som har komme undervegs. Entreprenøren vil ikkje klara å få dette frå fylket.

Jan Nordø (Bygdelista) sa at det bør diskutert om tilskotet skal aukast frå 480.000 (tidlegare vedteke) til 650.000. Synest ikkje anlegget framstår som ferdig, og ba om at dette vart diskutert nærare.

Einingsleiar teknisk drift Myrmel sa at Statens Vegvesen har godkjent anlegget, det er dei som har hatt byggeleiarar på dette. Det har vore ferdigbefaring og godkjenning frå Statens vegvesen, men skal følgja opp dette med vegvesenet no i etterkant.

Om historikken i saka sa Myrmel at det var sett i gang med arbeidet etter det som var godkjent av Statens vegvesen. Vegvesenet kom så med korrigeringar i etterkant, som gjorde at det måtte teiknast om i fleire rundar etter at prosjektet først var godkjent. Har også måtta gå tilbake på noko, føringskantane på busslomma var bygde etter teikninga, men måtte endrast etter innspel frå busselskapet.

Om veglysa som måtte flyttast, sa Myrmel at kommunen var i dialog med entreprenøren som leverte lysa om å flytta desse. Kommunen valde å gjennomføra veglysprosjektet med den entreprenøren og heller ta flyttinga i etterkant, det var rimelegare enn å ta dette som tilleggskostnader på veglysprosjektet.

Kommunalsjef Thomas Lindås sa at dette handlar om at det er påført ekstrakostnader som det ikkje var mogleg å vita om i forkant. Når ein har sagt at ein skal ha anleggsbidrag, er det rimeleg at ein tek del i den ekstrakostnaden som har komme her.

Jan Nordø (Bygdelista) sa vidare at ferdigstillinga av anlegget ikkje er god, med utgliding av masse i dammen bak, og at det ligg trestammar i fyllinga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det var stilt rekkefølgjekrav for å kunna få bygd hus i feltet på Toftegård/ved denne busslomma. Dette er langs ein fylkesveg, men fylket har ikkje midlar, og kommunen har gått inn med midlar for å realisera dette. Her er det no etablert ni leilegheiter, og om det bur tre personar i kvar leilegheit tar kommunen årleg inn 675.000 kroner i rammetilskot på dette byggefeltet.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at dette er ei sak frå 2005, med rekkefølgjekrav for å kunna ta i bruk bustader i det nye byggefeltet. Så vart det i 2016/2017 gitt mellombels ferdigattest, i påvente av at dette skulle komma på plass. I mellomtida var det i 2014 starta planarbeid for sykkelveg frå Mastrevik til Kilstraumen, og det har endra planen. Austrheim sa vidare at det er utbygger som har vore den

forsinkande part i denne saka, ikkje Statens vegvesen. Entreprenøren fekk anleggsbidrag i 2016, og så løyving for ekstra teikningar. Hadde krav om ferdigstilling av anlegget 1. september 2019. Dette arbeidet skulle vore klart før ein starta med den nye reguleringsplanen for sykkelveg frå Mastrevik til Kilstraumen, då kunne ein bygd busslomma etter den planen som låg. Kommunen bør ikkje dekkja ekstra utgifter når det ikkje vert bygd innanfor gitte fristar. Austrheim la fram framlegg til vedtak i saka.

Per Lerøy (Ap) viste til at det i 2007 var eit eigarskifte for dette tomteområdet, då stoppa denne utbygginga opp. Det er fleire eigarar involverte her, og det er ikkje entreprenøren som er utbygger av tomtene.

Avdelingsleiar for plan, Asbjørn Nagell Toft, sa at det kan vera ganske lange prosessar i slike saker. Det er ikkje alltid det er mogleg å dekkja inn krava til infrastruktur. Her gjekk det lang tid av ulike årsaker, og i mellomtida kom den nye reguleringsplanen for gang- og sykkelveg, slik at rekkefølgjekrava vart mykje dyrare enn i 2005. No er alt på plass av krav, og kommune kan gje byggeløyve på dagen i dette feltet.

Jan Nordø (Bygdelista) sa at dei ikkje er nøgde med ferdigstillinga og spurte kven som har godkjent anlegget. Nordø sa vidare at kommunen skulle ha kartlagt dammen i bakkant før utbygginga, og at om utbygginga er trenert så er det alvorleg. Nordø la fram framlegg til vedtak i saka.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft sa at det er Statens vegvesen som stiller krav og godkjenner. Dei ser på sikkerheit, utføring og fare for utgliding av masser, og formelt sett er det alt på plass etter synfaring. Kommunalsjef Thomas Lindås orienterte vidare om bakgrunnen for saka med vedtak gjort i 2016 og 2019. Det som er no er å seia at det har komme uføresette utgifter som entreprenøren ikkje kunne rå med, og det er lagt opp til at kommunen dekker 50 prosent av dette. Om det å stilla krav til utbetalinga sa Lindås at han ikkje ville rå til å ta det med, og at med eit slikt tillegg vil ein ikkje kunna få betalt ut desse midlane i 2020. Men kommunen vil følgja opp vidare opp mot Statens vegvesen.

Rådmannens framlegg til vedtak vart justert i tråd med at midlane er tenkt utbetalt i sin heilskap i 2020, slik at framlegget er slik:

Rådmannen utarbeider ny utbyggingsavtalen der tilskotet vert betalt ut i 2020.

Anleggsbidraget som vart gjort vedtak om i KS-013/19, vert endra til kr. 650.778.

Handsaming i kommunestyret:

Avrøystinga vart gjort slik:

Bygdelista sitt framlegg fekk støtte frå 1, Jan Nordø frå Bygdelista.

Deretter vart rådmannens framlegg sett opp mot KrF sitt framlegg. KrF sitt framlegg fekk støtte av 4 (KrF og Bygdelista), slik at rådmannens framlegg vart vedteke med 13 mot 4 røyster.

KS - 139/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Rådmannen utarbeider ny utbyggingsavtalen der tilskotet vert betalt ut i 2020.

Anleggsbidraget som vart gjort vedtak om i KS-013/19, vert endra til kr. 650.778.

140/20: Tertialrapport III 2020

Rådmannen sitt framlegg:

1. Det vert gitt eit tilskott til Leirvåg bedehus på kroner 75 000,- for dekning av deira underskot for 2020.
2. Det vert gitt eit tilskott til elderrådet på kroner 10 000,- til arrangere datakurs for eldre.
3. Det vert gitt eit tilskott på kroner 20 000,- til julegåve aksjonen som blir arrangert av

Ungdomsrådet, ungdomskonsulentene og Frivilligsentralen.

4. Det vert gitt kroner 20 000,- ekstra til innkjøp av julemat for tilsette som jobbar i julehelga og nyårshelga på helse og omsorg sine einingar.

5. Kommunestyret tek rapporten til vitande.

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Rådmann Liv Løvvik innleia til presentasjonen av tertialrapporten. Løvvik takka for arbeidet som er gjort av heile organisasjonen, med politisk støtte. Rådmannen sa vidare at det er gode tal, men åtvare mot å bruka for mykje av midlane no.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes presenterte tertialrapporten.

Reidar Øksnes (Sp) sa om løyvinga til Landbruksfagrådet, der det er sett av 300.000 kroner, at rådet ikkje hadde fått med seg at det var sett av midlar, men det er planlagt no å tildela iht. retningslinjer som er brukt tidlegare.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er gjort ein hard jobb av mange for å få dette resultatet. Må vera vaken for å sjå kvar det er tatt for mykje, slik at ein kan justera. Denne hestekuren var naudsynt, men må vera merksam på dei signal som måtte komma frå ulike stader i organisasjonen. Om investeringar, sa Dyrkolbotn at han støtta det at ein må ikkje vedta fleire prosjekt enn det er mogleg å realisera. Er samd i å støtta Leirvåg bedehus, men synest ikkje det er rett sakshandsaming å gje støtte når det er ein søknad som politikarane ikkje har sett.

Jan Nordø (Bygdelista) sa at det er grunn til å skryta av administrasjonen som har klart desse kuttane. Ser at ein småkommune kan klara seg vel så bra som dei kommunane som slår seg saman. Nordø sa at han håpar landbruksmidlane får bein å gå på til landbruksføremål, og spurte om steinaldersatsinga, kva vil skje med desse midlane dette året og neste? Kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug svara om steinaldersatsinga ved Fosnstraumen, og sa at trefryddinga som skulle gjerast er ikkje gjort i år, men har fram til mai 2021 med å gjennomføra dette og det aktar ein å få til.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) sa at det er kjekt å sjå at kommunen har komme på den rette sida økonomisk. Spurte om midlar som er sette av til omsorgsteknologi, men ikkje brukt. Om det skal settast av meir midlar til dette må ein sjå på kvifor det som alt er avsett ikkje er brukt.

Kommunalsjef helse og omsorg, Monika Kvamme svara om dette. Atea har vore og sett på sjukeheimen, dei må komma tilbake for å undersøka bygget vidare, dette rakk ein ikkje å gjennomføra før Korona stoppa arbeidet. Planlegg å få fart på prosjektet i 2021. Ser at dette er meir kostnadskrevjande enn tenkt, og må sjå på kostandene. Må først få på plass ei løysing for dementavdelinga, der hastar det mest.

Britt Skaalevik Lerøy (Ap) spurte om lønsnivået i Austrheim kommune (for innbyggjarar). Ordførar Per Lerøy (Ap) svara at Austrheim har vore på 3.-4. plass i Hordaland, ligg no på sjuandeplass av 43 kommunar i Vestland når ein måler på inntekt per innbyggjar. Dei som er over Austrheim er kraftkommunar samt Austevoll. Austrheim skårar godt på skatteinntekter sidan det er mange som tener jamt bra.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

KS - 140/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

1. Det vert gitt eit tilskott til Leirvåg bedehus på kroner 75 000,- for dekning av deira underskot for 2020.

2. Det vert gitt eit tilskott til eldrerådet på kroner 10 000,- til arrangere datakurs for eldre.

3. Det vert gitt eit tilskott på kroner 20 000,- til julegåve aksjonen som blir arrangert av Ungdomsrådet, ungdomskonsulenten og Frivilligsentralen.
4. Det vert gitt kroner 20 000,- ekstra til innkjøp av julemat for tilsette som jobbar i julehelga og nyårshelga på helse og omsorg sine einingar.
5. Kommunestyret tek rapporten til vitande.

141/20: Budsjettframlegg 2021

Rådmannen sitt framlegg:

1. Investeringsbudsjettet for 2021 sjølvkost er basert på forventa framdrift på tidlegare vedtekne VA-prosjekt. Ut frå framdriftsplanen vil Austrheim kommune ta opp 3 000 000 kr i lån i 2021. Årets låneopptak, i tillegg til ubrukte lånemidlar til VA frå 2020 på 9 000 000 kr, skal finansiere behovet for lånemidlar på sjølvkostområdet (VA) på 12 000 000 kr.
2. Det vert tatt opp 10 000 000,- kroner i Husbanken for vidare lån til startlån
3. Det er i budsjettet for 2021 lagt inn investeringar på 6,8 millionar som skal finansierast gjennom sal av fast eigedom, det vert ikkje oppstart av disse prosjekta før det er gjennomført sal av fast eigedom til å dekkja desse investeringane.
4. Økonomiplan for 2021-2024 og årsbudsjett for 2021 blir vedteke, jf.

Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2021 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei ulike hovudområda, jf. eigen tabell.
5. Rådmannen gis fylgjande fullmakter innanfor budsjettets rammer(jf. Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):
 - a. Budsjettreguleringer som følger av sentrale og lokale lønnsoppgjør.
 - b. Budsjettreguleringer innanfor sektoranes råmer.
 - c. Gjennomføre låneopptak av nye lån og refinansiere tidligere låneopptak. Herunder aksept av lånebetingelser og underskrift av gjeldsbrev på vegne av kommunen.
 - d. Beslutte oppstart av investeringer finansiert av ubundne fond, og sal av driftsmidler.
 - e. Fordeling av bevilgning til småinvesteringer innafor ramma på 100 000,- kr.

f. Regulering av teknisk art innanfor drift og finans.(jf. finansreglementet)

6. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på næringsseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d. Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd.

Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K-sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2021, jf. esktl. § 10. Kommunen vil i 2021 skrive ut eigedomsskatt på eigedommar som tidlegare var rekna som «verk og bruk» på eit «særskilt fastsett grunnlag» med heimel i overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og første ledd. Det særskilde grunnlaget skal i 2021 være lik 4/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget.

Kommunen vil i 2021 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd. Eigedomsskatten vert skriven i samband med kommunale avgifter. Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2018 og 2019.

7. Det vert gjeve ei ramme på 780 000,- kr til kontrollutvalet.
8. Det vert gjeve eit driftstilskot til Austrheim kyrkjelege fellesråd på 2 550 000,- kroner.
9. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
10. Godtgjersle til ordførar blir sett til same løn som stortingsrepresentantar og til løn til varaordførar er 9 % av ordførarløna for 2021. Stortingets lønsskomisjon foreslår i årleg innstilling godtgjersle for stortingsrepresentantane og løna til ordførar og varaordførar regulertast per mai 2021 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar

11. Marginavsetning av innbetalt skattebeløp settes til 10 %.
12. Rådmannen kjem attende med eiga sak som omhandlar etablering av burettslag for fyrstegongs etablerarar våren 2021.
13. Rådmann kjem attende med sak om etablering av omsorgsbustader med driftsstøtte som vært drive av stiftingar eller andre frivillige/humanitære organisasjonar. Driftsstøtta til slike omsorgsbustader må være innanfor lovverket om offentlege anskaffingar
14. Oppgradering og modernisering av Nordliheimen må prioriterast fram mot 2025. Straks eldremeldinga er ferdig i 2021 blir det set ned eit mellombels utval som skal følgja opp eldremeldinga og sikra at tiltaka i eldremeldinga vert gjennomførte. Rådmannen legg fram ei sak om dette for kommunestyret hausten 2021.
15. Rådmannen kjem attende med eiga sak knyta til veglys lang kommunale vegar i Austrheim.
16. Det vert sett ned eit utval med brukarrepresentantar for å vurdere driftsform/vedlikehald av bygg som ikkje inngår i kommunen si ordinære tenesteyting.

Godtgjersle til ordførar blir sett til 90 % av løn til stortingsrepresentantar og godtgjersle til varaordførar til 9 % av ordførarløna for 2021. Stortingets lønskommisjon foreslår i årleg innstilling godtgjersle for stortingsrepresentantane, og løna til ordførar og varaordførar regulerast per mai 2021 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

Punkt 8 skal endrast til: Det vert gjeve eit driftstilskot til Austrheim kyrkjelege fellesråd på 2 875 000,- kroner.

Når det gjeld verbalpunkta som er spelt inn frå Høgre og Arbeidarpartiet om opprusting av Kaland barne- og ungdomsskule og Årås skule, samt etablering av personalrom ved Kaland barnehage, går me ut frå at rådmannen kjem tilbake til med saker om når skulebruksplanen er ferdig og når me endeleg er ute av Robek-lista og skal revidera investeringsbudsjettet.

Forslag frå landbruksfagrådet er at det vert lagt inn 300.000 kr for 2021.
Dette vil vera det same som ein har i inneverande budsjett.

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

Budsjettframlegg, godtgjering foreslått av: Jan Nordø

Godtgjersle til ordførar blir sett til 90 % av løn til stortingsrepresentantar og godtgjersle til varaordførar til 9 % av ordførarløna for 2021. Stortingets lønskommissjon foreslår i årleg innstilling godtgjersle for stortingsrepresentantane, og løna til ordførar og varaordførar regulerast per mai 2021 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.

Budsjettframlegg, endring og tillegg foreslått av: Monika Thorpe

Punkt 8 skal endrast til: Det vert gjeve eit driftstilskot til Austrheim kyrkjelege fellelsråd på 2 875 000,- kroner.

Når det gjeld verbalpunkta som er spelt inn frå Høgre og Arbeidarpartiet om opprusting av Kaland barne- og ungdomsskule og Årås skule, samt etablering av personalrom ved Kaland barnehage, går me ut frå at rådmannen kjem tilbake til med saker om når skulebruksplanen er ferdig og når me endeleg er ute av Robek-lista og skal revidera investeringsbudsjettet.

Budsjettframlegg, landbruksfagrådet foreslått av: Reidar Øksnes

Forslag frå landbruksfagrådet er at det vert lagt inn 300.000 kr for 2021.
Dette vil vera det same som ein har i inneverande budsjett.

Rådmann Liv Løvvik orienterte om budsjettsaka. Justeringar som er gjort er iht tertialjusteringar, og ser at ein kjem ut av Robek-lista, men dette er først gjeldande frå sommaren 2021 etter at kommunen har fått godkjent rekneskapen for 2020.

- Rådmannen viste til at det er viktig at ein no set av midlar til disposisjonsfond, slik at der er midlar til å ta uføresette utgifter.

- Investeringsplan skal vera sjølvfinansierande.

- Avhendar eigedommar ein ikkje vil ha, samstundes som ein ser på dei bygningane som ein vil ha vidare.

- Elles for investeringar så er det slik at ein må vedtak på det som ein klarer å gjennomføra.

- Skal i gang med konkurranseutsetting av rundt 100 avtalar, og skal forhandla ned renta ved å gå frå fastrente til flytande. Skal jobba for å løysa ting smartare, alt frå betre innkjøpskontroll til lågare rente

- Må jobba for at Austrheim skal vera ein attraktiv kommune. Kan ein få plass kafé eller bygdeguide.

Må vera open for innspel på korleis kommunen kan drivast betre.

Kommunalsjef økonomi og personal, Odd Harald Dommersnes, gjorde greie for det som ligg i saksutgreiinga, saman med dei ulike kommunalsjefane som tok spørsmål på sine felt.

Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte om kva som ligg i vurdering av driftsform på bygg, kva bygg det er tale om? Her svara kommunalsjef Thomas Lindås at det er nøkkelbygg som ein skal sjå om ein skal ha eller avhenda. Det kan vera skulen i Rongevær, kyrkjelydshuset eller andre. Sjå om det er areal ein treng, kva som er beste driftsforma, og om noko skal avhendast.

Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte om innspel frå RMNF, om at dei som skal ha vedtak på støttekontakt må få det. Her svara kommunalsjef Monika Kvamme at ein skal sjekka at alle får det dei har krav på.

Anne Dahle Austrheim (KrF) ba om at løyvinga til kyrkja vart justert opp i vedtaket. Her svara kommunalsjef Odd Harald Dommersnes at dette må justerast etter vedtaket i kommunestyret.

Reidar Øksnes (Sp) sa at landbruksfagrådet ikkje har hatt den beste drifta siste året. Har hatt møte no 1. desember, har innspel til budsjettet for 2021. Må jobba med å betra kommunikasjonen mellom administrasjon/kommunen med fleire til neste år. Ba om at det vart lagt inn ei løyving på 300.000

kroner til landbruksfagrådet, som vert saldert mot lågare overskot i 2021. Her svara kommunalsjef Odd Harald Dommersnes at dei 300.000 som ikkje er brukt av lndbruksfagrådet i år, er avsett på fond for bruk neste år.

Jan Nordø (Bygdelista) sa at Bygdelista synest godtgjeringa til ordførar er raus, og ba om at denne vart redusert, sjølv sagt uavhengig av kven som er ordførar no. Nordø la fram dette framlegget til vedtak: *Godtgjersle til ordførar blir sett til 90 % av løn til stortingsrepresentantar og godtgjersle til varaordførar til 9 % av ordførarløna for 2021. Stortingets lønskommisjon foreslår i årleg innstilling godtgjersle for stortingsrepresentantane, og løna til ordførar og varaordførar regulerast per mai 2021 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar.*

Rådmann Liv Løvvik sa at dette er bestemt året før, og at at satsen til ordførar er grunnlag for godtgjeringa til representantane i kommunestyret.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dette med å sidestilla godtgjeringa til ordførar til den som stortingrepresentantar, var ein samde om på eit gitt tidspunkt i kommune-Norge. Dette var bestemt før hans tid som ordførar. For eigen del gjekk han ned i halvparten av løna då han gjekk over frå Statoil (no Equinor) til å vera ordførar i kommunen. Er ganske idealistisk å ta eit slikt val. Lerøy sa vidare at dette er eit spørsmål om kven vil ein ha inn i politikken. Ser mange stader at folk i det private ikkje ønskjer å gå inn i politikken, at det er berre offentlege tilsette som vil ta dette. Var ikkje rett av Stortinget å endra pensjonsreglane i 2013, midt i ein kommunestyreperiode, og vert ikkje rett å gjera dette som Nordø foreslår midt i ein valperiode. Må sjå på kven som ein vil rekruttera, at det ikkje berre er offentleg tilsette.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det ikkje var rett å fremja dette framlegget no, midt i ein valperiode. Sjølv om det er sagt frå Nordø at det ikkje er slik, så vert det lett slik at det ser ut som eit angrep på den som er ordførar no. Viste også til å at det regulerer alle godtgjeringar i eit reglement som nyleg er vedteke.

Jan Nordø (Bygdelista) sa at det ikkje er gjort for å vera ufin, men synest løna er høg, og ti prosent mindre er ingenting. Meiner at ordføraren gjer ein bra jobb for kommunen, og ein god jobb med næringsarbeidet. Kanskje må ein sjå på tilsetting av ein næringssjef inn under rådmannen.

Rådmann Liv Løvvik viste til at det siste året har det vore mykje arbeid, også for ordførar som er ansvar for pressekontakt. Dette kan ikkje kompenseras med ferie, for ordførar har ikkje ferie.

Reidar Øksnes (Sp) sa at han gjekk tilbake til saka om landbruksfagrådet, og spurte om svaret han fekk. Er det ikkje slik at dersom me ikkje brukar pengane i 2020 så er dei borte. Kommunalsjef Dommersnes svara at dette ved ein feil var budsjettert som investering i 2020, men skulle vore sett på driftsbudsjettet. Vert no sett på fond.

Morten Sognnes (H) sa at han ville tilbake til saka om Åsheim-elevane. Har eit samfunn kring Kaland skule som diverre er delt mellom to kommunar. Politikarane i Alver er frie til å bestemma kva dei vil, men trur at det er ikkje er gitt fulle opplysningar som kunne ført til framhald av samarbeidet. Vil ikkje tru at Alver-politikarane er så arrogante, og så lite omsorgsfulle, og at dei etter kvart ser at dei med dette vedtaket kan øydelegga eit velfungerande samfunn. Håpar at dei kan gjera om sitt vedtak snart, og siterte Arnulf Øverland: "Du må ikke tåle så inderlig vel, den urett som ikke rammer dig selv".

Monika Thorpe (Ap) la fram framlegg til vedtak i budsjettsaka, på vegner av Arbeidarpartiet og Høgre:

Punkt 8 skal endrast til: Det vert gjeve eit driftstilskot til Austrheim kyrkjelege fellesråd på 2 875 000,- kroner.

Når det gjeld verbalpunkta som er spelt inn frå Høgre og Arbeidarpartiet om opprusting av Kaland barne- og ungdomsskule og Årås skule, samt etablering av personalrom ved Kaland barnehage, går me ut frå at rådmannen kjem tilbake til med saker om når skulebruksplanen er ferdig og når me endeleg er ute av Robek-lista og skal revidera investeringsbudsjettet.

Kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug svara at dette er i tråd med det rådmannen har tenkt, tar dette for skulane i heilskap når skulebruksplanen er vedteken. Vil ha alt dette klart til skulestart 2022, også dette med personalrom for Kaland barnehage.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at ein heldigvis ikkje er i ei slik stode at det er naudsynt å foreslå eigedomsskatt. Om reforhandling av 100 avtalar, pass på at ein tar frå dei store og ikkje dei mange små i det lokale næringslivet. Må ha med oss det lokale næringslivet vidare. Må auka attraktiviteten, vera ein attraktiv plass å bu og jobba. Gode skular og barnehagar er viktig, men også det frivillige livet med lag og organisasjonar. Desse har vore svelteføra nokre år, viktig at ein får desse med seg vidare.

Viste til soknepresten sitt innspel om Kyrkjelydshuset, ba om at ein sette salet på vent, til ein ser andre moglegheiter for bruken.

Kommunalsjef Thomas Lindås svara at innkjøpsstrategien seier at ein skal handla lokalt der ein kan innanfor lov om offentlege anskaffelsar. Om kyrkjelydshuset har ein sagt opp avtalen, skulle flytta til nyttår, men har sett flyttinga på vent til ein har fått avklaringar på kva tankar som er om den vidare bruken.

Reidar Ulvøy (Ap) sa om Åsheim-elevane at det er viktig å få tydeleg fram kva dette eigentleg galdt. Hadde det vore mine born hadde eg sett krav om at dei fekk gå i alle fall ut si tid på skulen, dersom dei ønskjer det. (Her skaut ordførar Per Lerøy inn at dette var oppe i kommunestyret i Alver, men framlegget fall).

Her svara kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug at når ein ser på avtalane så er det klart at det er det økonomiske i avtalen Austrheim har hatt ønskje om å seia opp. I møte med Alver kommune har ein sagt frå Austrheim at ein både vil ha elevane med vidare, og la dei gå ut skuleløpet sitt dersom dei ønskjer det. No er det slik at det er dei som går 9. klasse på Kaland som kjem til å gå skuleløpet ut i Austrheim. Har elles ikkje blanda seg, men svara på dei spørsmål som har komme.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det var ein trasig situasjon, men her er det politikarane i Alver som har makta. Kanskje dette er illustrerande på korleis det er å vera i ein utkant i ein større kommune.

Rådmann Liv Løvvik sa at ein ikkje har blanda seg i den politiske handsaminga i Alver, har berre svara på spørsmål som ein har fått.

Reidar Øksnes (Sp) viste til budsjettinnspela frå Kaland og Årås skule, og ba om at rådmannen ikkje gløymer desse, som til dels kjem i tillegg til lista frå Norconsult. Øksnes sa vidare at han har ei kjensle av at prosjekt der kommunen er eigar i, burde hatt betre oppfølging. Det vil vera vel anvendt, med tanke på framdrift og tidleg avdekking av avvik og dermed også kvalitet.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om ein kan setta opp driftsmidlar til landbruksfagrådet vidare med 300.000 kroner årleg. Til dette svara rådmann Liv Løvvik at kommunestyret kan auka driftsmidlar til landbruksfagrådet dersom ein ønskjer det, det kan gjerast i dette møtet.

Reidar Øksnes la fram tilleggsframlegg:

Landbruksfagrådet hadde møte 01.12.2020 der mellom anna sak angående budsjett for 2021 var oppe.

Forslag frå landbruksfagrådet er at det vert lagt inn 300.000 kr for 2021.

Dette vil vera det same som ein har i inneverande budsjett.

For landbruksfagrådet, Reidar Øksnes

Om styring av prosjekt sa rådmann Løvvik at dette er det jobba med dei siste par åra. No er det lagt opp til månadlege rapporteringar.

Om elevar på Kaland frå Åsheim sa rådmann Løvvik at det er 16 elevar som går på Kaland skule i år, og det er lagt opp til 2 til frå hausten 2021. Dette ville kosta Alver 630.000 kroner med gjesteelevsatsen på 35.000 kroner.

Avrøysting om budsjettet:

Jan Nordø trekte sitt framlegg om å redusera godtgjering til ordførar, så det vart ikkje røysta over dette.

Kommunestyret var samrøystes om:

- Framlegget i saksutgreiinga.
- Tillegget frå Ap/H, nytt punkt 8 samt verbalt tillegg.
- Punkt om løyving til landbruksfagrådet, lagt fram av Reidar Øksnes.

KS - 141/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

1. Investeringsbudsjettet for 2021 sjølvkost er basert på forventta framdrift på tidlegare vedtekne VA-prosjekt. Ut frå framdriftsplanen vil Austrheim kommune ta opp 3 000 000 kr i lån i 2021. Årets låneopptak, i tillegg til ubrukne lånemidlar til VA frå 2020 på 9 000 000 kr, skal finansiere behovet for lånemidlar på sjølvkostområdet (VA) på 12 000 000 kr.

1. Det vert tatt opp 10 000 000,- kroner i Husbanken for vidare lån til startlån

2. Det er i budsjettet for 2021 lagt inn investeringar på 6,8 millionar som skal finansierast gjennom sal av fast eigedom, det vert ikkje oppstart av disse prosjekta før det er gjennomført sal av fast eigedom til å dekkja desse investeringane.

3. Økonomiplan for 2021-2024 og årsbudsjett for 2021 blir vedteke, jf.

Bevilgningsoversikt drift §5-4 og økonomisk oversikt drift §5-6. Årsbudsjettet for 2021 blir vedteke på sum netto driftsrammer for dei ulike hovudområda, jf. eigen tabell.

5. Rådmannen gis fylgjande fullmakter innanfor budsjettets rammer(jf. Økonomireglement og kommunen sitt finansreglement):

- a. Budsjettreguleringer som følger av sentrale og lokale lønnsoppgjør.

- b. Budsjettreguleringer innanfor sektoranes råmer.

- c. Gjennomføre låneopptak av nye lån og refinansiere tidlige låneopptak. Herunder aksept av lånebetingelser og underskrift av gjeldsbrev på vegne av kommunen.

- d. Beslutte oppstart av investeringer finansiert av ubundne fond, og sal av driftsmidler.

- e. Fordeling av bevilgning til småinvesteringer innafor ramma på 100 000,- kr.

- f. Regulering av teknisk art innanfor drift og finans.(jf. finansreglementet)

6. Kommunestyret skriv ut eigedomsskatt på nærings eigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav d. Eigedomsskattesatsen vert vidareført med 7 promille. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. Esktl. § 4 tredje ledd.

Takstvedtekter for eigedomsskatt i Austrheim kommune vedtatt i kommunestyret i K-sak 083/17 i møte 14.12.2017, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2021, jf. esktl. § 10. Kommunen vil i 2021 skrive ut eigedomsskatt på eigedommar som tidlegare var rekna som «verk og bruk» på eit «særskilt fastsett grunnlag» med heimel i overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og første ledd. Det særskilde grunnlaget skal i 2021 være lik 4/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget.

Kommunen vil i 2021 skrive ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk i 2018, jf. overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd. Eigedomsskatten vert skriven i samband med kommunale avgifter. Siste alminnelege taksering I kommunen vart gjennomført I 2018 og 2019.

Det vert gjeve ei ramme på 780 000,- kr til kontrollutvalet.

7. Det vert gjeve eit driftstilskot til Austrheim kyrkjelege fellelsråd på 2 875 000,- kroner
8. Skatteøre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøre.
9. Godtgjersle til ordførar blir sett til same løn som stortingsrepresentantar og til løn til varaordførar er 9 % av ordførarløna for 2021. Stortingets lønskommisjon foreslår i årleg innstilling godtgjersle for stortingsrepresentantane og løna til ordførar og varaordførar regulerast per mai 2021 i samsvar med endringar i løn til stortingsrepresentantar

10. Marginavsetning av innbetalt skattebeløp settes til 10 %.
11. Rådmannen kjem attende med eiga sak som omhandlar etablering av burettslag for fyrstegongs etablerarar våren 2021.
12. Rådmann kjem attende med sak om etablering av omsorgsbustader med driftsstøtte som vært drive av stiftingar eller andre frivillige/humanitære organisasjonar. Driftsstøtta til slike omsorgsbustader må være innanfor lovverket om offentlege anskaffingar
13. Oppgradering og modernisering av Nordliheimen må prioriterast fram mot 2025. Straks eldremeldinga er ferdig i 2021 blir det set ned eit mellombels utval som skal følgja opp eldremeldinga og sikra at tiltaka i eldremeldinga vert gjennomførte. Rådmannen legg fram ei sak om dette for kommunestyret hausten 2021.
14. Rådmannen kjem attende med eiga sak knyta til veglys lang kommunale vegar i Austrheim.
15. Det vert sett ned eit utval med brukarrepresentantar for å vurdere driftsform/vedlikehald av bygg som ikkje inngår i kommunen si ordinære tenesteyting.

Punkt 8 skal endrast til: Det vert gjeve eit driftstilskot til Austrheim kyrkjelege fellesråd på 2 875 000,- kroner. *(er endra over i vedtaket)*

Når det gjeld verbalpunkta som er spelt inn frå Høgre og Arbeidarpartiet om opprusting av Kaland barne- og ungdomsskule og Årås skule, samt etablering av personalrom ved Kaland barnehage, går me ut frå at rådmannen kjem tilbake til med saker om når skulebruksplanen er ferdig og når me endeleg er ute av Robek-lista og skal revidera investeringsbudsjettet.

Forslag frå landbruksfagrådet er at det vert lagt inn 300.000 kr for 2021. Dette vil vera det same som ein har i inneverande budsjett.

142/20: Budsjettjustering 3. tertial 2020

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek rådmannen sitt framlegg til budsjettjusteringar i samband med tertialrapporten for 3 kvartal 2020

Kommunestyret vedtek rådmannen sitt framlegg til budsjettjusteringar i samband med tertialrapporten for 3 kvartal 2020, minus løyvinga til anleggsbidrag til arbeid med busslomme og fortau på Toftegård, som kjem opp igjen i sak 139/20.

Det vert sett av kr 500 000,- av årets overskot til å retta opp feil og manglar i Austrheimhallen og idrettsparken. Ein 20 % vaktmeisterressurs vert også øyremerka til vedlikehald og ettersyn av anlegget.

10.12.2020 KOMMUNESTYRET

foreslått av:

Kommunestyret vedtek rådmannen sitt framlegg til budsjettjusteringar i samband med tertialrapporten for 3 kvartal 2020, minus løyvinga til anleggsbidrag til arbeid med busslomme og fortau på Toftegård, som kjem opp igjen i sak 139/20.

500.000 til Austrheimhallen og idrettsparken foreslått av: Morten Sognnes

Det vert sett av kr 500 000,- av årets overskot til å retta opp feil og manglar i Austrheimhallen og idrettsparken. Ein 20 % vaktmeisterressurs vert også øyremerka til vedlikehald og ettersyn av anlegget.

Kommunalsjef økonomi og personal Odd Harald Dommersnes orienterte om budsjettjusteringar etter 3. tertial.

Einingsleiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel sa at det har vore ute anbod på arbeidet med ferdigstilling av gang- og sykkelveg ved Vardebrua på Fonnes. Fekk inn tre prisar, og det er oppstart over helga. Skal byggast kring 110 meter med ny gang- og sykkelveg.

Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte om ho var ugild med tanke på løyvinga til Baløy båthamn, sidan faren hennar medlem i båtlaget. Her svara ordførar Per Lerøy at dette er vurdert tidlegare. Dette er ei sak mellom båtlaget og kommunen, alle i Austrheim kan bruka dette anlegget. Det var semje i kommunestyret om at Anne Dahle Austrheim ikkje var ugild.

Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte om saka med anleggsbidrag til arbeidet med busslomme og fortau på Toftegård (139/20) bør handsamast først, før det vart sett av midlar i denne saka. Etter diskusjon i kommunestyret vart den løyvinga teke ut av denne saka og teke opp i sak 139/20. Debatten er ført i den saka.

Reidar Ulvøy (Ap), sa om løyving til busskur på Njøta at dette bør kunna fabrikerast ved AVS, ved at dei får oppdraget. Må også sjå på dette i samband med løyving til bom på gangveg i Vikane, er det mogleg å bruka AVS. Her kan ein gje den vidaregåande skulen fornuftige oppgåver i tillegg til eigne prosjekt.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa til Helge Dyrkolbotn (KrF) (som jobbar ved AVS) at ein gjerne må samarbeida om desse prosjekta, både for busskuret og bommen.

Morten Sognnes (H) la fram framlegg på vegner av Ap/H i denne saka:

Det vert sett av kr 500 000,- av årets overskot til å retta opp feil og manglar i Austrheimhallen og idrettsparken. Ein 20 % vaktmeisterressurs vert også øyremerka til vedlikehald og ettersyn av anlegget.

Kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug sa at det har vore ein del etterslep på vedlikehald i hallen og for idrettsparken, Må ha på plass ein vedlikehaldsavtale som sikrar at anlegget er trygt. Hadde ikkje oversikt tidlegare i haust, men ser no at ein må leggja inn midlar.

Reidar Øksnes (Sp) sa at det ikkje er noko feil med å bruka midlar på idrettsparken, men er det mogleg å bruka desse midlane no i 2020, eller er det tenkt meir som budsjett for 2021?

Kommunalsjef Odd Harald Dommersnes sa at noko kan brukast i 2020, men elles vert det sett av til fond for bruk i 2021, 500.000 av årets overskot. Bør komma i gang i 2020.

Kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug sa at ein har sett i gang arbeidet, og noko vil ein klara å få gjort no i 2020.

Hardy Pedersen (Ap) sa at det har vore eit driftsstyre for anlegget tidlegare, men dette forsvann og administrasjonen skulle ta vedlikehaldet. Det viser seg at ein ikkje klarer dette, treng å ha nokon som er tettare på enn det ein har i dag. Ber om at eit slikt driftsstyre kjem på plass igjen, for heile idrettsparken, der ein har med lag og organisasjonar som er tettare på, gjerne med ein representant frå administrasjonen som kan vera bindeledd inn mot adm.

Kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug sa at ein ser på ulike modellar for å få på plass eit slikt driftsstyre, og vil ha det inne tidleg i 2021.

Jan Nordø (Bygdelista) spurte om kvifor ikkje dette kjem frå rådmannen med saksutgreiing, der ein viser kva konkrete ting som ligg bak denne løyvinga på 500.000 kroner.

Rådmann Liv Løvvik sa at det er uvant at det er midlar tilgjengeleg for å gjera noko. No var det ei befaring, og det viste seg at det var større behov enn ein hadde tenkt.

Helge Dyrkolbotn (KrF) støtta Nordø i at dette burde komma frå administrasjonen. Ba om at det kom

eit råd som hadde ansvar for alle idrettsanlegg i kommunen, og ikkje berre for idrettsparken og Austrheimhallen. Dette kunne vera eit råd med representantar frå idretten, kommunestyret og administrasjonen, nokon som kan komma med innspel og peika på utfordringar. Dyrkolbotn sa vidare at det er riktig å ta eit skippertak for vedlikehald i idrettshallen.

Per Lerøy (Ap) sa at dette kom inn frå H og Ap i tolvte time etter at oppvekstleiar og idrettslaget var på synfaring dagen før kommunestyremøtet, den ein avdekka at noko var utrygt. Såg også at det ikkje har vore uavhengig tilsyn med anlegget på fleire år. Må ta grep for å sikra at det er inspeksjonar og at det er eit anlegg som er trygt. Veit ikkje om 500.000 er dette rette summen, men startar med dette.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at det er klart at det er behov for å gjera noko, men ber om at administrasjonen må høyra med dei som brukar hallen, for å unngå løysingar som er tungvinte og som skaper frustrasjon.

Kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug svara at ein sjølv sagt skal involvera, noko er akutt, men må laga ein plan vidare.

Handsaming i kommunestyret:

Røysta over budsjettjusteringar punkt for punkt.

Hoppa over det eine til punktet Haugen/Toftegård, samd for alle dei andre, inkludert tillegget frå Ap/Høgre om 500.000 til Austrheimhallen/idrettsparken.

KS - 142/20 - 10.12.2020 - Vedtak:

Kommunestyret vedtek rådmannen sitt framlegg til budsjettjusteringar i samband med tertialrapporten for 3 kvartal 2020, minus løyvinga til anleggsbidrag til arbeid med busslomme og fortau på Toftegård, som kjem opp igjen i sak 139/20.

Det vert sett av kr 500 000,- av årets overskot til å retta opp feil og manglar i Austrheimhallen og idrettsparken. Ein 20 % vaktmeisterressurs vert også øyremerka til vedlikehald og ettersyn av anlegget.
